

PLANPROGRAM



Detaljregulering Risneset

Hareid kommune

Dato: 08.05.2019

Plan ID: 2019001

S P O R S T Ö L

Innhold

Detaljregulering Risneset	0
1 Innledning.....	3
1.1 Bakgrunn	3
1.2 Formålet med planprogrammet og prosjektet.....	4
1.2.1 Formål med planprogrammet	4
1.2.2 Prosjektmål	4
2 Gjeldande planar.....	4
2.1 Kommuneplanens arealdel	4
2.2 Reguleringsplan.....	5
3 Lovgrunnlag og krav til prosess	5
3.1 Nasjonale føringar	5
3.2 Lokale føringar	5
3.3 Krav til prosess.....	5
4 Planprosess og medverking	6
4.1 Framdriftsplan	6
4.2 Medverking	6
5 Dagens situasjon.....	7
5.1 Planområdet.....	7
5.2 Dagens situasjon.....	7
5.2.1 Bruk av området	7
5.2.2 Naturmangfaldet og naturverdiar, biologisk mangfaldverdiar	7
5.2.3 Skogbruks- og landbruksinteresser.....	7
5.2.4 Kulturminner	7
5.2.5 Natur og friluftsliv	7
5.2.6 Trafikk.....	7
5.2.7 Barn og unge	8
6 Planområdet og løysningar som skal vurderast	8
6.1 Planavgrensing	8
6.2 Alternative løysningar	8
7 Krav til konsekvensutredning.....	9
7.1 Metodikk for konsekvensutredning:	10
8 Konsekvensar for miljø og samfunn.....	10
8.1 NATUR- OG MILJØ	10
8.1.1 Naturmangfaldet og naturverdiar, biologisk mangfaldverdiar.	10
8.1.2 Skogbruks- og landbruksinteresser.....	11
8.1.3 Landskap	11

8.1.4	Kulturminner	11
8.1.5	Støy- og luftforureining samt anna forureining.....	11
8.2	SAMFUNN	11
8.2.1	Omtale av resursen og moglege bruksområde.....	11
8.2.2	Friluftsinteresser	11
8.2.3	Infrastruktur og transportbehov	12
8.2.4	Næringslivet og sysselsetting	12
8.2.5	Barn og unge	12
9	Risikovurdering- ROS	12
10	Vedlegg	12

1 Innledning

Det er utarbeidd eit forslag til planprogram knytt til arbeidet med reguleringsplan for masseuttak/framtidig næring i Hjørungavåg i Hareid kommune jf. kap. 4-1 i Plan og bygningslova. Planprogrammet skal medverke til ein forutsigbar planprosess og fastsette kva forhold som skal undersøkast nærmare i planarbeidet. Planprogrammet skal fastsettast av Hareid kommune etter at fristen for innspel har gått ut.


1.1 Bakgrunn

På vegne av Brekke og Kleppe anlegg AS frammast det forslag om regulering av område ved masseuttak i Hjørungavåg av Sporstøl Arkitekter. Formålet med reguleringsplanen er eit ønske om å detaljregulere området som i dag blir brukt til masseuttak til framtidig næringsområde. Masseuttaket leverer alle typar knuste massar, plasteringsstein, naturstein og solda jord.

Formålet med planen er å trinnvis transformere området frå masseuttak til industriområde. Det vil då være mogleg å drive med uttak av masser samtidig som det etablerast industri på dei trinna som er avslutta.

Planområdet ligg i Hjørungavåg , om lag 3,5km frå Hareid sentrum

Reguleringsplanen omfattar eit areal på omlag 364 daa som omfattar areal for masseuttak med tilgrensande areal. Meir detaljert avgrensing av planområdet sjåast av kart som er vedlagt V1. Mot sør grensar planen mot fjell. Mot nord grensar den mot industriområde der Pelagia og Spenncon held til i dag, medan den i vest og aust grensar mot grøntområde.



Utsnitt planområdet. Henta frå norgeskart.no

1.2 Formålet med planprogrammet og prosjektet

1.2.1 Formål med planprogrammet

Formålet med planprogrammet er:

- Å avgrense planoppgåva
- Klargjere konsekvensar og problemstillingar
- Avklare utgreiingsbehovet
- Fastsette rammer og føringar for planarbeidet
- Gi høve til tidleg medverknad
- Politisk forankring

1.2.2 Prosjektmål

Prosjektets mål er å legge til rette for ein god prosess for vidare masseuttak samtidig som ein legg til rette for framtidig næringsområde i Hjørungavåg. Dette skal utførast på ein visuell god måte der ein får ei god utnytting av arealet som i dag fungerer som masseuttak.

Hovudmålet med reguleringsarbeidet er å få på plass eit planverktøy som gir klare føringar på:

- Grenser for masseuttak
- Avklare miljøopprydningstiltak og avslutningsplan for uttaket
- Skjermingstiltak
- Omfanget og visuell konsekvens av inngrep i fjell
- Mogleg etterbruk av området

2 Gjeldande planar

2.1 Kommuneplanens arealdel

Kommuneplanens arealdel gir overordna føringar for kommunens arealbruk. Gjeldande arealdel av kommuneplanen i Hareid kommune blei vedtatt av kommunestyre i 2012. Området for masseuttak er i arealplanen til kommunen avsett til næringsformål.



Utsnitt gjeldande arealplan Hareid kommune.

2.2 Reguleringsplan

Reguleringsplanen for området har utgått, planområdet var i denne planen avsett til industri. Kommuneplanen til Hareid kommune er gjeldende plan for området og denne vil derfor ligge til grunn ved det videre arbeidet med detaljregulering.



Utsnitt utgådd reguleringsplan.

3 Lovgrunnlag og krav til prosess

3.1 Nasjonale føringar

Nedanfor er det ramsa opp ein rekke overordna lovar og føringar med betydning for planarbeidet. Lista er ikkje uttømmende, men angir føringar som sjåast på som viktige i forbindelse med reguleringsarbeidet og tema som statlege og regionale myndigheiter har spesielt fokus på.

- *Plan og bygningslova av 27. juni 2008.*
- *Kulturminne lova av 09. juni 1978*
- *Naturmangfaldlova av 19. juni 2009*
- *Minerallova av 19. juni 2009*
- *Forurensningsforskrifta av 01. juni 2004*
- *Forskrift om konsekvensutredning av 21. juni 2017*
- *Statlige planretningslinje for samordnet bustad-, areal og transportplanlegging, 26. september 2014*
- *Den europeiske landskapskonvensjon, i kraft 1. mars 2004*
- *Retningslinje for støy i arealplanlegging T-1442, 2016*
- *Retningslinje 2-2011 frå NVE. Flaum og skredfare i arealplanar.*
- *Veiledar. Kartlegging og vurdering av skredfare.*

3.2 Lokale føringar

- *Kommuneplan for Hareid kommune, arealdelen.*
- *Landskapsplan Risteneset/illustrasjonsplan*
- *ROS analyse Hareid kommune*

3.3 Krav til prosess

Det skal utarbeidast ein detaljreguleringsplan for området. Dette er ein planform for gjennomføring av utbyggingsprosjekt og tiltak, vernetiltak og sikring av ulike typar verdier.

4 Planprosess og medverking

Planprogrammet forklarar formålet med planarbeidet og kva problemstillingar som sjåast på som viktig i forhold til miljø og samfunn, og som vil bli greia ut og belyst i planforslaget. Det endelege planprogrammet fastsettest av ansvarleg myndigheit som er Hareid kommune.

Fastsett planprogram skal leggest til grunn for det vidare planarbeidet, herunder fastsetting av kva forhold som skal greiast ut og/eller beskrivast nærmare i forbindelse med utarbeiding av reguleringsplan og konsekvensutredning.

Forslag til reguleringsplan med konsekvensutredning skal utarbeidast på bakgrunn av det fastsette planprogrammet.

4.1 Framdriftsplan

Tabellen under gir ei oversikt over berekna framdrift i arbeidet. Behandlingstidspunkt i kommunen vil avhenge av saksmengder og møteplanar.

Fasar i planarbeidet	Samarbeid og medverknad	Behandling	Framdrift
Utarbeiding av forslag til planprogram	Kommune, fylke, brukarar og oppdragsgjevar	Sporstøl Arkitekter	Februar/ Mars 2019
Høyring av forslag til planprogram	Kunngjering og brev til aktuelle partar	Sporstøl Arkitekter	Mai/Juni Høyringsfrist 6 veker
Vedtak av planprogram		Hareid kommune	Juni/juli
Utarbeidelse av reguleringsplan og konsekvensutredning (KU)	Aktuelle partar, fagetatar, Eventuelt registreringsarbeid kulturminne	Sporstøl Arkitekter	Juli-Oktober
Reguleringsforslag og konsekvensutredning		Hareid kommune	November/desember
Offentleg ettersyn	Informasjonsmøte og brev til aktuelle partar	Hareid kommune/ Sporstøl Arkitekter	Januar/februar 2020
Behandling av merknader	Eventuell avklaring med aktuelle partar	Hareid kommune	Mars
Eventuelt nytt offentlig ettersyn			-
Vedtak av reguleringsplanen		Hareid kommune	April

4.2 Medverking

Etter §6 i forskrift om konsekvensutredning skal forslaget til planprogram sendast på høyring og leggest ut til offentlig ettersyn i minimum 6 veker. For plan etter plan- og bygningslova vil dette vanlegvis skje samtidig med kunngjering av planen. Etter at forslag til planprogram har vore på høyring, skal ansvarleg myndigheit fastsette det endelege programmet.

Aktuelle partar og organisasjonar vil bli kontakta. Det er eit overordna mål å nå flest mogleg som vil bli berørte av planarbeidet. Planoppstarten vil bli annonsert i avisa, på Hareid kommune sine nettsider, samt på Sporstøl Arkitekter si nettside.

5 Dagens situasjon

5.1 Planområdet

Planområdet er vist på utsnitt av arealplanen og regulert til næring. Arealdelen gir føringar med omsyn til vidare arealbruk, da det i dag ligg ein landskapsplan for Risteneset som legg rammene for etappevis uttak av stein i området og gjev retningslinjer for tilstelling og rø-vegetering av området etter uttak.

5.2 Dagens situasjon

Dagens masseuttakområdet er i dag i privat eige. Området som er tatt ut masser frå er på omlag 70 da, inkludert vegareal. Brekke og Kleppe disponerer (leigeavtale) delar av dette området og dei har uttaksavtale på parsell 70/23 og 70/188.

5.2.1 Bruk av området

Arealet vert i dag nytta til:

- Masseuttak
- Knuseverk
- Oppbevaring av maskiner
- Utmark

5.2.2 Naturmangfaldet og naturverdiar, biologisk mangfaldverdiar

Planområdet ligg i landskapsregionen 22 Midtre bygder på Vestlandet i institutt for skog og landskap sitt nasjonale klassifiseringssystem. Berggrunnen i planområdet er i berggrunnegeologisk kart frå NGU beståande av diorittisk til granittisk gneis. Planområdet ligg under marin grense og i lausmassekart frå NGU er planområdet beståande av tynn hav-/strandavsetning, bart fjell, stadvis tynt dekke, tov og myr. Lågaste punkt ligg på kote +3,6 og det høgste punktet ligg på kote +40m.

Det er ikkje registrert spesielle artar eller biologisk mangfaldverdiar innanfor planområdet, det er derimot registrert førekomstar i Leirvågen. Området er i følgje NGUS kartdatabase markert som et svært viktig ressursområde for grus og pukk.

5.2.3 Skogbruks- og landbruksinteresser

Planområdet består av allereie nedbygd areal, skogområde og område der det drivast masseuttak. Det er eit mindre belte med skog mellom bebyggelse og masseuttak, det er også eit større skogområde aust for området. Det er eit mindre felt med dyrkbarjord øvst i planområdet.

5.2.4 Kulturminner

I følge kulturminnedatabasen Askeladden er det ingen kjente registreringar av verdifulle kulturminne eller kulturmiljø innanfor planområdet. Det er midlertidig ein rekke verdifulle kulturminne/ kulturmiljø på andre sida av Hjørungavågen og sør aust for planområdet ved Vågslegene. Her er det registrert gravfelt, bautastein, kokegrop mm. Kommuneplanen legg føringar for gravrøys som ligg i nærleiken.

5.2.5 Natur og friluftsliv

Masseuttaket grensar til område som er godt egna til friluftsliv ved Risteneset og Leirvågen. Bruken av området blir ikkje hindra av masseuttaket, men uttaket kan bidra til ubehag da det kan til tider være mye støy og støv frå området. Det er ingen skjermingstiltak mot friluftsområdet.

5.2.6 Trafikk

Gåsneset er tilkomstveg til planområdet. Vegen går forbi Bustadar, småbåthamn og industriområde. Disse områda har ulike typar trafikantar. Området har ein del tungtrafikk til verksemdene Spenncon, Pelagia og masseuttak. Det er per dags dato ikkje gjort registreringar eller trafikkmåling av biltrafikken i området.


5.2.7 Barn og unge

Det er i planområdet ikkje spor etter barns leik. Det er ikkje tilrettelagt gang- og sykkelveg langs Gåsneset. Næraste område for barn og unge er Hjørungavåg stadion som ligg om lag 1 km frå planområdet.

6 Planområdet og løysningar som skal vurderast

6.1 Planavgrensing

Det er lagt opp til å følge planavgrensing som ble diskutert i møte med Hareid kommune. Innanfor planområdet er område for masseuttak og arrondering. Det er også tatt ein del av området på nordsida av vegen, dette er tatt med får å gi moglegheit for skjerming av området. Planområdet utgjer ca. 387 daa.



Plangrense

6.2 Alternative løysningar

Alternativ 0

Eit av alternativa er å følge eksisterande landskapsplan for Risteneset, sak PS 26/08 KST. Landskapsplanen har status som illustrasjonsplan. Planen legg rammene for etappevis uttak av stein i området og gjev retningslinjer for tilstelling og rè-vegetering av området etter uttak. Området er i illustrasjonsplanen planlagt over 2 nivå. Eit nivå på kote 8 og eit nivå på kote 35. Avslutning mot eksisterande terreng er tenk med sikringshyller, disse har som mål å fange opp stein som lausnar på grunn av frostsprenging etc. og danne grunnlag for vegetasjonsetablering.



Landskapsplan Risteneset/illustrasjonsplan

Alternativ 1

Største utfordringa i området er korleis landskapsbildet vil bli påverka av vidare masse uttak og seinare næringsbebyggelse. Det er planlagt vidare uttak av masser i eit stort område. Området for planlagt masseuttak er på omlag 200 daa, og det er eit uttakspotensial på store mengder fjell. Det må leggjast ein plan for vidare uttak og korleis ein skal gjennomføre dette med tanke på framtidig utbygging i området. Gode løysningar for internt vegsystem og VA-løysning. Forslagstillar ønsker å legge til rette for næringsbebyggelse på et nivå mot fjellside, med fall mot sjø for å sikre avrenning frå området. Avslutning mot eksisterande terreng skal anleggjast som skråning. Området nord for vegen (Gåsnes) skal fungere som vegetasjonsskjerming mot masseuttak/framtidig næring for bebyggelse på andre sida av Hjørungavågen.

7 Krav til konsekvensutredning

Reguleringsplanen vil bli lagt fram som ein privat detaljreguleringsplan. I møte med kommunen blei det avklart at dette tiltaket krev planprogram og konsekvensutredning. Det er krav om KU etter Forskrift om konsekvensutredning av 1. januar 2019. Planen faller inn under §6,punkt b) vedlegg 1 punkt 19 – «Uttak av malmer, mineraler, stein, grus, sand, leire eller andre masser dersom minst 200 dekar samlet overflate blir berørt eller samlet uttak omfatter mer enn 2 millioner m³ masse, eller uttak av torv på et område større enn 200 dekar. Mindre tiltak omfattes av vedlegg II nr. 2a»

Forslag til tema som skal utredast er vurdert ut frå forhold med reguleringsplanen som kan gi konsekvensar for miljø, naturresursar og samfunn. Tema som ikkje er lista opp, er vurdert til å ikkje ha utredningsbehov i forhold til tiltak foreslått i planforslaget. Konsekvensutredninga vil omfatte ein beskriving av konsekvensane av det konkrete tiltaket samt forslag til avbøtande tiltak dersom nødvendig. Planprogrammet skal behandlast etter plan- og bygningslova §12-9 Behandling av planprogram for planer med vesentlege verkingar.

7.1 Metodikk for konsekvensutredning:

Forholda er basert på kartlegging etter følgende:

- States vegvesen Håndbok V712
- Oppstarmøte med kommunen
- Forskrift om konsekvensutredning
- Bruk av sentrale fagdatabasar
- «Konsekvensar for natur, miljø og samfunn» tilhøyrande kommuneplanen til Hareid kommune vil ligge til grunn ved utarbeiding av konsekvensutredning.

Konsekvensutredning blir utført etter alminneleg anerkjent metodikk. Det blir satt opp verdi for området, deretter vurderast omfanget av tiltaket. Summen av disse faktorane utgjer ein konsekvens.

8 Konsekvensar for miljø og samfunn

Dette kapitlet beskriver kva tema som skal utgreiast og arbeidast med i forbindelse med planarbeidet. Kwart tema vil på kvar sin måte legge føringar for planarbeidet.

Tema som sjåast på som relevante for planforslaget:

- Natur og miljø
 - o Naturmangfaldet og naturverdiar, biologisk mangfaldverdiar
 - o Skogbruks- og landbruksinteresser
 - o Landskap
 - o Kulturminne
 - o Støy- og luftforureining samt annan forureining
- Samfunn
 - o Skildring av grusressursen og moglege bruksområde
 - o Infrastruktur og transportbehov
 - o Næringslivet og sysselsetting
 - o Barn og unge
 - o Friluftsinteresser
- Risiko og sårbarheit

Kunnskapsgrunnlag:

- Tema kart frå NVE
- Kartdatabase NGU
- Naturdatabasen
- Gislink.no
- Askeladden
- Hareid kommune ros analyse

8.1 NATUR- OG MILJØ

8.1.1 Naturmangfaldet og naturverdiar, biologisk mangfaldverdiar.

Det er ikkje registrert spesielle arter eller biologisk mangfaldverdiar innanfor planområdet, det er derimot registrert førekomstar i Leirvågen . Området er i følgje NGUS kartdatabase markert som svært viktig ressursområde for grus og pukk. Det vil bli føretatt ein næmare konsekvensutredning som belyser verknaden av foreslått tiltak på naturverdiar i området.

8.1.2 Skogbruks- og landbruksinteresser

Delar av planområdet består av allereie nedbygd areal, skogområde og område der det drivast masseuttak. Det meste av skog i planområdet vil være fjerna når masseuttaket er avslutta. Det må vurderast om delar av området skal tilplantast. Det er ikkje aktuelt å legge til rette for landbruk innanfor planområdet.

8.1.3 Landskap

Landskapet vil bli endra i den forstand att det vil bli store uttak av masser i fjellet. Det må vurderast korleis området skal planerast, om dette skal gjerast i eit eller fleire nivå. Visualisering med tverrsnitt og landskaps modeller vil ligge til grunn til vidare planlegging av området. Ein må vurdere korleis området skal utbyggast og den visuelle verknaden på nærområdet.

8.1.4 Kulturminner

I følge kulturminnedatabasen Askeladden er det ingen kjente registreringar av verdifulle kulturminne eller kulturmiljø innanfor planområdet. Ved eventuelle funn av automatisk freda kulturminne vil konsekvensar av utbygginga beskrivast og kulturminne lova §9 vil være gjeldande. Kommuneplanen legg føringar for gravrøys i nærleiken. Dette skal ivaretakast i planarbeidet.

8.1.5 Støy- og luftforureining samt anna forureining

Masseuttak i fjell er normalt forbundet med potensiale for støy og støv. Forskrift om begrensing av forureining beskriver pålagt støvdempande tiltak i tilknytning til masseuttak. Konsekvensutredninga vil gjere rede for disse pålegga, samt vurdere behov for gjennomføring av ytterlegare avbøtande tiltak. Støvnedfallsmålingar vurderast ikkje som påkravd, pga. stor avstand til bustadar, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustadar, utdanningsinstitusjonar og barnehagar.

Korleis anleggsfasen skal gjennomførast og støybildet anlegget vil representere skal beskrivast. Det skal også utgreiast for utslepp av støv til luft og utslepp til vann og vassdrag. I planarbeidet skal det derfor utgreiast om avbøtande tiltak slik at anlegget ikkje representerer ein miljørisiko.

Det må lagast planar med spesielt fokus på utslepp og overvannshandtering frå planområdet.

8.2 SAMFUNN

8.2.1 Omtale av resursen og moglege bruksområde

I distriktet er det høy aktivitet, og det er store utbyggingsprosjekt under utførsle og planlegging, både lokalt og regionalt. Behovet for masser vurderast derfor til å være stort i både i dag og i framtida.

Etterbruken kan gi eit betre framtidig næringsområde som gir næring moglegheit til å etablere seg i området. Avklare den samfunnsmessige betydninga dersom tiltaket gjennomførast. Behovet for næringsområde.

8.2.2 Friluftsiinteresser

Området aust for masseuttaket er område som kan nyttast til friluftsiinteresser. Området består av skog og open jorddekt fastmark. Korleis planen påverkar tilgjengelegheit og bruk av området må vurderast.

8.2.3 Infrastruktur og transportbehov

Det er i dag stor andel tungtrafikk inn og ut av området, denne kan genererer støv og støy. Området har tilkomst frå kommunalveg Gåsneset, det er ikkje tilrettelagt gangveg langs vegen.

Ved masseuttak og seinare næring vil truleg belastninga på det lokale vegnettet og omkringliggende vegnett forbli uendra.

Konsekvensar av massetransport til området må synleggjerast. Forholdet til mjuke trafikantar, trafiksikkerheit må greiast ut og beskrivast. Atkomstforhold, tungtrafikk til og frå området, endra trafikkmønster må avklarast. Nye vegtrasear og eit meir samla vegsystem må utgreiast og takast inn i plankart og bestemmelsar. Vegvesen handbok N100 skal ligge til grunn ved prosjektering.

Vann og avløpskapasitet i området må kartleggast og løysningar for framtidig bruk av området må avklarast. Kommunalt vatn ligg lett tilgjengeleg, avløp er ikkje bygd ut.

8.2.4 Næringslivet og sysselsetting

Etterbruk av areal til næringsareal vil gi moglegheiter for nye verksemder å etablere seg i området eller utvidingsmoglegheiter for eksisterande næringar. Behovet for næringsareal i Hareid kommune må vurderast og kva type næring skal ein legge til rette for innanfor området.

8.2.5 Barn og unge

Det er i planområdet ikkje spor etter barns leik. Det er ikkje tilrettelagt gang- og sykkelveg langs Gåsneset. Næraste område for barn og unge er Hjørungavåg stadion som ligg om lag 1 km frå planområdet.

9 Risikovurdering- ROS

I henhold til PBL. §4-3 skal det utarbeidast risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) i forbindelse med planarbeidet. Analysen skal omfatte risiko og sårbarheitsforhold som kan ha betydning for realisering av tiltaket. Avbøtande tiltak skal beskrivast. ROS analysen vil inngå som en del av planbeskrivelsen og er såleis ikkje skilt ut som egent utredningstema i KU. Steinsprang, ras, flaum og andre naturgitte faremoment vil bli vurdert. Oppskyllingshøgder for flaum etter mogleg fjellskred frå Åknes skal visast i plankart som hensynssone og nødvendige avbøtande tiltak skal fastsetjast ved detaljregulering. Rapport frå NGU blir lagt til grunn ved vurdering av konsekvensar av mogleg flaum, V4.

10 Vedlegg

V1 Planavgrensing

V2 Gjeldande reguleringsplan og føresegn

V3 landskapsplan – rapport og illustrasjonsplan

V4 Rapport- Flodbølger etter skred frå Åknes



Teiknforklaring

Reguleringsplan PBL 2008


Linjesymbol

Planens begrensning

Kartopplysningar

Kjelde for basiskart:
Dato for basiskart:
Koordinatsystem: ETRS89.UTM-32N
Høgdegrunnlag:

Ekvidistanse: 1m
Kartmålestokk: 1:2500 m



Plangrense
Risneset

Med tilhøyrande føresegner

Arealplan-ID:
2019001

Forslagstillar:
Brekke og Kleppe AS

SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA

SAKS-NR DATO SIGN

Dato	XXX	Revisjon	XXX
Dato	XXX	Revisjon	XXX
Dato	XXX	Revisjon	XXX

Kommunestyret sitt vedtak

Ny 2. gongs handsaming			
Offentleg ettersyn fråtil			
2. gongs handsaming			
Offentleg ettersyn frå.....til			
1. gongs handsaming			
Kunngjering av oppstart av planarbeid			
Oppstartsmøte...			

PLANEN ER UTARBEIDD AV: Sporstøl Arkitekter

TEGNNR. 001 DATO 08.05.2019 SIGN. MD

Det stadfestas at planen er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak

08.05.2019
Dato PLANSJEFFAVN
Plansjef



Reguleringsplan Hjørungavåg

Dato: 07.02.2019

Målestokk: 1:2500

Koordinatsystem: UTM 32N



Tegnforklaring



- Matrikkel Tiltak (Avgjørelser i enkeltsaker)**
- Godkj. Nybygg
 - Godkj. Tilbygg
- Bygninger**
- Taksprang Bunn
 - Takkant
 - Bygningsdelelinje
 - Grunnmur
 - Takoverbygg kant
 - Trapp inntil bygg, kant
 - Veranda
 - Bygningslinje
 - Taksprang
 - Mønelinje
 - Låvebru
 - Bygningsbru
- Eiendomsinformasjon**
- Eiendom
 - Gårds- og bruksnummer
- Kyst**
- Kystkontur
 - Skjær
- Innsjøer og vassdrag**
- Innsjøkant
 - Elv/Bekk usikker
 - Elv/Bekk midt
 - Kanal/Greft kant
 - Kanal/Greft midt
- Vegsituasjon**
- Vegkant
 - Annet vegareal
 - Avgrensning mot annet vegareal
 - Avgrensning mot avkjørsel
 - Gang/Sykkelveg kant
 - Autoværn
- Annen samferdsel**
- Traktor/Kjerreveg kant
- Reguleringsplan-Byggeområde (PBL1985 § 25,1. ledd)**
- Område for bustader med tilhørende anlegg
 - Område for industri/lager
- Reguleringsplan-Offentlige trafikkområde (PBL1985 § 25,1. ledd nr 2)**
- Offentlige trafikkområde
 - Kjøreveg
 - Trafikkområde i sjø og vassdrag
 - Annet trafikkområde i sjø/vassdrag
- Reguleringsplan-Friområde (PBL1985 § 25,1. ledd nr 3)**
- Friområde
- Reguleringsplan - Spesialområde (PBL1985 § 25,1. ledd nr 4)**
- Parkbelte i industribok
 - Fiskebruk
- Reguleringsplan - Felles for PBL 1985 og 2008**
- Regulerings- og utbyggingsplanområde
 - Planen si avgrensning
 - Formålsgrænse
 - Regulert tomtegrænse
 - Eiegrænse som skal opphevast
 - Byggjegrænse
 - Planlagt busetnad
 - Regulert fotgjengerfelt
 - Målelinje/avstandslinje
 - Abo Regulering- og utbyggingsplan - påskrift

HAREID KOMMUNE
REGULERINGSFØRESEGNER FOR REGULERINGSPLAN INDUSTRIOMRÅDET
RISNESET

Desse føresegnene gjeld for det området som er vist med reguleringsgrense på plankartet.

Området er regulert for følgjande føremål:

- Bustadføremål
- Industri- og serviceområde
- Friområde
- Spesialområde

§ 1

Bustadområde

I områda kan det ikkje oppførast nye bustader. Ein vil tillate garasjar både som tilbygg til eksisterande bustadar og som frittstående bygningar.

§ 2

Industri- og serviceområde.

Område A.

Området skal nyttast til tyngre industri og større etableringar. For området (A) skal utarbeidast ein samla plan som visar plassering av bygningar og produksjonsområde i friluft, lager, kontor o.l.

Ved utarbeiding av bebyggelsesplan skal det leggjast vekt på å få til landskapsmessig tilpassing og ein funksjonell utnytting av området m.a. for å unngå støy i bustadområde i Hjørungavåg.

Området (A) skal byggast ut i tre etappar som vist på reguleringskartet (A1, A2 og A3). Utbyggingsrekkefølga skal vere slik: Område A1 skal byggast ut først og A3 sist.

Område B.

Området skal nyttast til lettare industri t.d. mindre serviceretta verkstedsindustri. Arealet kan delast opp i fleire tomteparsellar.

Området skal byggast ut i tre etappar som vist på reguleringskartet (B1, B2 og B3). Utbyggingsrekkefølga skal vere slik. B1 skal byggast ut først og B3 sist. Større etableringar skal vere i område A.

Industri- og serviceområda, elles skal det oppførast bygningar for industri- g serviceføremål med tilhøyrande anlegg.

I området C, som er avgrensa med byggjelinje, skal det ikkje gjerast inngrep av noko slag.

Før byggeløyve vert gjeve eller løyve til igangsetting av bygging på dei einskilde tomtene i industri- og serviceområdene, skal det leggst fram ein bygging- og parkplan som bygningsrådet skal godkjenne. Denne skal utanom utnytting av busetnads- og parkområde m.a. vise avkøyrsløp, parkeringsplassar og eventuelle gjerder.

§ 3

Trafikkområde

I trafikkområde skal det vere køyreveg og offentleg kai.

§ 4

Friområde

Friområdet B skal nyttast som park- og leikeområde

§ 5

Fareområde

I fareområdet er det ilandføring av høgspennkabel og vidareføring av denne som luftspenn.

§ 6

Spesialområde.

Fiskeindustri

Her kan det oppførast bygningar og anlegg som har tilknytning til fiskeindustri.

Stadfesta i Molde
den 08/12-83

Magne Nerland
- førstekonsulent -

REGULERINGSFØRESEGNER

for

Liavågen Småbåthamn

Formålet med planen er å etablere ei småbåthamn inst i Liavågen i Hareid kommune.

§1

AVGRENSING AV OMRÅDET

Det regulerte området er vist på planen med reguleringsgrenser.

§2

FØREMÅL

Området innanfor planen er regulert til fylgjande føremål:

Byggjeområde

Naust (N1)

Trafikkområde

Kjøyreveg

Gåveg (molo)

Parkeringsplass (T1)

Friområde

Park, turveg, leik (F1)

§3

FELLES FØRESEGNER

1. Disse føresegnene kjem i tillegg til føresegnene i Plan og Bygningslova og gjeldande bygningsvedtekter for Hareid kommune.
Det er ikkje tillatt ved private servituttar å etablere avtalar som strir mot desse føresegnene.
2. Unntak frå desse føresegnene kan, dersom særlege grunnar talar for det , tillatast av Bygningsrådet, innanfor ramma av Plan og Bygningslova og byggevedtektene.

§4

OMRÅDE FOR NAUST (N1)

Området for naust kan bebyggast med eitt frittstående naust.

§5

TRAFIKKOMRÅDE

Plassering av moloane skal være som vist på planen. På innsida av moloane og langs land kan det byggast brygger for småbåtar etter nærare avgrensing. Plan for bryggene skal innsendast til og godkjennast av Bygningsrådet. Det er ikkje høve til å nytte bil innanfor område som er markert som gåveg i planen

FRIOMRÅDE (F1)

Innanfor friområdet (F1) kan det ikkje førast opp bygningar av noko slag. Området kan nyttast til beplantning og oppsetting av benkar.

Hareid, 24. mars 1995

Einar Holm

-ordførar-

Vedteke av Hareid Bygningsråd den 12.10.95, bsak 102/95.

Eigengodkjend av Hareid kommunestyre den 06.12.95, ksak 100/95.



HAREID KOMMUNE



R I S N E S E T L A N D S K A P S P L A N
R A P P O R T

1. november 2007

Godkjent av
Hareid kommunestyre i møte 22.05.2008
Sak KST PS 26/08

INNHALD

1. Innleiing

- 1.1 Bakgrunn
- 1.2 Organisering
- 1.3 Målsetting
- 1.4 Virkemiddel/ metode

2. Planområdet

- 2.1 Planområdet
- 2.2 Planstatus

3. Registrering og analyse

- 3.1 Geologi og landformer
- 3.2 Overordna landskap
- 3.3 Landskapet i Risnes-området
- 3.4 Landskapsrom
- 3.5 Visuell verknad på landskapet ikring

4. Planforslaget

- 4.1 Generelt
- 4.2 Planskildring ferdig uttak
- 4.3 Terrengform
- 4.4 Vegetasjon, bevaring
- 4.5 Etappeplan for uttak
- 4.6 Etappeplan for tilstelling og revegetering
- 4.7 Sikring
- 4.8 Uttak/ vidare drift

1. INNLEIING

1.1 Bakgrunn

Hareid kommune har sett i gang og gjennomført arbeid med landskapsplan for Risneset industriområde i Hjørungavåg.

Risneset har i dag industri langs det meste av strandsona mot Liavågen. Bak industriområdet foregår masseuttak / knuseverk der ulike aktører har drive uttak sidan rundt 1970. Største aktøren i dag er Nord-Berg AS som hadde avtale med Hareid kommune frå 1993-2003. Avtalen er forlenga midlertidig til 2007 inntil ny plan for området er godkjent.

Området er stort og ligg eksponert til frå buområde og naturområde/sjø, og kommunen har sett behov for ei landskapsmessig vurdering av området og ein landskapsplan som grunnlag for vidare planarbeid og aktivitet i området.

1.2 Organisering

Arbeidet er utført hausten 2007 av ei plangruppe bestående av sivilarkitekt MNLA Magne Bergseth, sivilarkitekt MNLA Helge Aarset (APAL), Gullik Gulliksen Vest AS Landskapsarkitektar MNLA v/Siri Myklebust og landskapsarkitekt MNLA Kari Johanne Flataker (Flataker Landskap). Hovudtyngda av arbeidet med landskapsplanen og rapporten er utført av landskapsarkitektane.

Kontaktpersonar i Hareid kommune har vore planleggar Signe Rønnestad Kanstad og områdeleiar Nils-Yngve Nupen.

1.3 Målsetting

Målet med planarbeidet har vore å utarbeide ein terrengplan for vidare uttak av massar, samt tilrå retningslinjer for tilstelling og revegetering både etappevis og samla etter avslutta uttak.

Planen skal ha status som ein illustrasjonsplan og danne grunnlag for framtidige planar, utvinningsavtalar m.m. for området. Planen er ikkje juridisk bindande i seg sjølv men vil vere styrande for kommunen si verksemd og fungere som eit hjelpemiddel for å ta dei rette grepa.

Dersom kommunen ser behov for styring gjennom eit juridisk plandokument, rår vi kommunen til å følgje opp dette arbeidet gjennom ein reguleringsendring. Gjeldande reguleringsplan har karakter av å vere ein flatereguleringsplan. Korkje reguleringsplanen eller kommuneplanen synest å gi nødvendig heimel for meir detaljert styring gjennom den enklare planforma bebyggelsesplan.

1.4 Verkemiddel / metode

Planarbeidet bygger på registrering og analyse av landskapet både på overordna og meir lokalt nivå. Landskapet blir sett på både som natur og form, og analysen gir eit heilskapleg bilete av desse aspekta.

Analysen dokumenterer og formidlar landskapskarakteren, synleggjer dei store trekka i landskapet og viser korleis uttaket påverkar visuell oppleving av landskapet. Analysen har danna grunnlag for utarbeiding av plan/retningslinjer for etappevis utvikling av området.


Analysen er basert på registreringar i området. Det ein ser med auga er utgangspunktet. Foto, kart og ortofoto har vore viktige hjelpemiddel i arbeidet.

2. PLANOMRÅDET

2.1 Planområdet

Risnes-området er den nordlege delen av halvøya som stikk ut i fjorden om lag 3,5 km søraust for sentrum av Hareid. Planområdet er om lag 700 mål og er avgrensa av Liavågen i nordvest, fjorden i nordaust, Hjørungnesvegen i søraust og eigedomsgrense i sørvest.

Området har ein innbyrdes høgdeskilnad på rundt 40 meter der industriområdet i nordvest ligg på kote +2 og Hjørungnesvegen på rundt kote + 40.




2.2 Planstatus

Heile Risnes-området frå Liavågen til Hjørungnesvegen er regulert til industri i gjeldande reguleringsplan av 08.12.1983.

I arealdelen til kommuneplanen frå 2006 er industriområdet redusert ved at sjølve Risneset og Leirvågen er sett av til LNF-område som eit belte langs fjorden. På det minste er dette beltet ca 50 meter breitt.



Reguleringsplan M=ca1:10000. Prosjektområde markert med stipla




Kommunedelplan M=ca1:10000. Prosjektområde markert med stipla linje.

3. REGISTRERING OG ANALYSE OVERORDNA

3.1 Geologi og landformer

Bergartane i kommunen består av relativt sure gneis- og granittbergartar noko som er typisk for Nordvestlandet (Kaldhol 1970). Dette er nokså harde bergartar som forvitrar seint og gjev eit noko surt jordsmonn som gir vegetasjon tilpassa karrige tilhøve. Lausmassane i kommunen består i låglandet for det meste av myrar på gammal leirhaldig sjøbotn.

Sprekksoner i berggrunnen har gitt to framherskande retningar på elveerosjonen, og såleis går fjordane og dalane i sørvest-nordaust og søraust-nordvest retning. Vartdalsfjorden, Hareidsdalen, Liavågen og dalen framover mot Snipsøyrvatnet har alle hovudretning sørvest-nordaust.



Den austlege delen av Hareidslandet består av to markerte dalføre som strekk seg i sørvestleg retning frå fjorden. Melshornet med ei høgde på 668 m.o.h. og ei lengde på 5,5 km skil dei to dalføra.

3.2 Overordna landskap

Landskapet i Hareid er prega av snaufjell med alpint preg, skog, jordbruksområde, hei, myr/ våtmark og strandeng i strandsona (Naturbasen Fylket). Breie dalar og avrunda fjell gir eit mildt uttrykk.

Hareidsdalen med si u-form, deler Hareidlandet i ein nordleg og ein sørleg del. Den sørlege delen er vidare delt i ein austleg og ein vestleg del ved ein fjellrygg vest for Snipsøyrvatnet.

Melshornet er med sine 668 m.o.h. det mest markerte landskapselementet på austlege delen av Hareidlandet. Den 5,5 km lange fjellryggen strekk seg frå fjorden i nordaust til Snipsøyrvatnet i sørvest.

Hareid har ei svært kort kystlinje. Fleire kilometer av denne er bygd ut som hamne- og industriområde. Kun nokre få sandstrender og gruntvassområde av varierende storleik er att som naturområde.



Skråfoto frå sørvest viser landskapsformer. Frå internett: <http://www.iriss.no/fotturar/kyst/hareid.htm>



Skråfoto frå sør viser dalrommet kring Hjørungavågen. Kjelde Hareid kommune

3.3 Landskapet i Risnesområdet

Landskapet i Risnes-området er prega av opne heiområde med lyng og låg bjørkeskog, myr og våtmark. Linjene i landskapet går i tydeleg sørvest-nordaust retning. Landskapet er roleg med avrunda fjellformer og dalar. Risneset, Leirvågen og Hjørungnesmyrane er markerte landskapselement som gir området identitet.

3.3.1 Risneset er med sin særeigne furu-vegetasjon eit flott landskapselement og ein vintergrøn buffer mot innsyn til industriområdet frå natur- og bustadområda ikring.

I overgangen mellom eksisterande industri og Risneset har ein eit naturområde med flotte svaberg og urørt strandsona. Området framstår som ein positiv kontrast til dei utfylte industriareala i vest og representerer areal som kommunen har lite igjen av; -naturområde knytt til strandsona. Ved tilrettelegging med stiar o.l vil dette kunne bli eit attraktivt område for allmenheita.



Bildet viser Risneset aust for eksisterande industriområde

3.3.2 Leirvågen er den einaste strandenga som er att i kommunen. Området har ei sjeldan utforming og ein stor landskapsmessig verdi. Ein bekk gjennom området skaper ein brakkvasstilstand ved flo sjø i utløpet.

Leirvågen er lista opp som viktig for det biologiske mangfaldet i rapporten "Biologisk mangfold i Hareid". Leirvågen høyrer inn under naturtypen havstrand med rik strandvegetasjon. Området inneheld spreidde forekomstar av ålegras som skal underleggast strengt vern (Bernkonvensjonen). Rapporten konkluderer med at *denne naturtypen bør prioriterast i alt planleggingsarbeid*.



Seriebildet viser øvre del av Leirvågen og inngrepa lenger vest.

3.3.3 Hjørungnesmyrane

Hjørungnesmyrane er namnet på det opne heiområdet nord for Hjørungnesvegen. Området framstår som ei samanhengande flate, slakt skrånande mot Liavågen i nord og fjorden i aust.



Seriebildet viser den skrånande flata frå Hjørungnesvegen, øvre nivå

3.4 Landskapsrom

Planområdet kan delast inn i ulike landskapsrom.

Fjella dannar veggane i det overordna landskapsrommet, sjølv fjorddalen. Dette rommet kan igjen delast inn i underordna landskapsrom som vert avgrensa av terrengnivå og vegetasjon. Kvar enkelt rom er område som kan oppfattast som ei eining. I overgangane vil romma overlappet kvarandre avhengig av kva for ståstad ein ser landskapsrommet frå.

Område 1: Liavågen-Snipsøyrvatnet

Det store landskapsrommet strekk seg frå Liavågen i nordaust og framover dalen til Snipsøyrvatnet i sørvest. Melshornet dannar vegg mot nordvest medan fjellrekka bestående av Hornet, Åsefjellet og Ulsettua dannar avgrensing mot søraust. Golvet i rommet er danna av Liavågen, Hjørungdalsvatnet og dei mosaikkmønstra jordbruksareala i Hjørungdalen.

Område 2: Liavågen

Områda ved Liavågen utgjer eit mindre landskapsrom der fjorden og dei bebygde områda på begge sider dannar golv. Rommet er prega av industri på flatene ved vågen og bustadområda oppover i fjellsidene.

Område 3: Indre del av Liavågen

Indre del av hamna i Liavågen framstår som eit mindre rom i rommet. Området er prega av strandsone med naustrekke og ope landskap med engvegetasjon.

Område 4: Leirvågen

Leirvågen er eit anna mindre rom i det store landskapsrommet. Her dannar Risneset vegg mot nord og kanten mellom strandsona og Risnesmyrane dannar avgrensing mot sør. Våtmarksområdet og strandenga dannar golvet.



3.5 Visuell verknad på landskapet ikring

Masseuttak kan føre til dramatiske endringar av terrengformasjonar innan tiltaksområdet. Dersom hensynet til visuell påverknad av landskapet ikkje er ivareteke i planarbeidet kan tiltaket også ha store konsekvensar for heile influensområdet.

Ein skil mellom ulike grader av visuell verknad av eit slikt inngrep, avhengig av avstanden til inngrepet. Nærverknad og fjernverknad er sentrale begrep.

Nærsone

Inngrepet sjåast på nært hald og vert opplevd tredimensjonalt. Ofte vil inngrepet dominere det visuelle inntrykket. Gåsneset i vest ligg i nærsona til uttaket. Det er 4-5 bustadhus på Gåsneset som blir liggande like ved uttaket. Ein skogkledd kolle dannar i dag ein skjerm mellom bustadhusa og planområdet.

Mellomsone

I mellomsona avtek opplevinga av tre dimensjonar. Inngrepet blir som regel sideordna andre element i landskapet. Bustadområda på motsett side av vågen og opp i sida (Pilskog, Overå) ligg i mellomsona til uttaket. Bustader ligg i søraustvendt skråning ned mot vågen og vil såleis ha god utsikt ned på uttaksområdet.

Fjernsone

I fjernsona mister inngrepet sin 3-dimensjonale karakter og opptrer som ei flate. Visuelt vil det vere underordna andre objekt i landskapet. Planområdet er godt synleg frå høgdedraga både i sør og vest og vil såleis vere godt eksponert m.o.t. fjernverknad frå desse vinklane.

4. PLANFORSLAGET

4.1 Generelt

Planforslaget syner ei sterkare avgrensing av masseuttaket / industriområdet mot Leirvågen og Risneset enn det gjeldande reguleringsplan og kommuneplan har lagt opp til. Dette for å verne om dei store kvalitetane som ligg i desse områda, både m.o.t. biologisk mangfald og landskapsform.

Uttaket er lagt opp med faseplanar som forutset minst mogleg påverknad av omgjevnadane, samstundes som driftstekniske omsyn er ivaretekne. Saman med etablering av ny vegetasjon er dette dei viktigaste avbøtande tiltaka i prosjektet.

Områda er tenkt nytta til byggjeområde for industri etter avslutta uttak, fortrinnsvis tyngre industri i nedre nivå og lettare industri / industritomter på øvre nivå. Viste terreng må sjåast på som retningsgjevande der nye høgder syner maksimum uttak. Behov for steinmassar sett opp mot behov for byggjeområde industri vil kunne verke inn på kor tungt ein vel å gå inn på nedre nivå. Før utbygging må det lagast detaljplan for å sikre avvatning av byggjeområde, forsvarleg utforming av vegar m.m.



Leirvågen og Risneset sett frå strandlinja i søraust


4.2 Planskildring ferdig uttak

Landskapsplanen syner nytt landskap etter ferdig uttak, herunder område for industri, nye vegar, terreng og vegetasjon, både innanfor uttaksområdet og i overgangar til omkringliggende areal.

Det er lagt opp til to markerte terrengnivå i planen; eit nedre nivå ved eksisterande industri i nordvest (ca 155 m2) og eit øvre nivå mot Hjørungnesvegen i søraust (ca 110 m2).

Øvre nivå er slakt skrånande frå om lag kote 30-35 ved topp skjering i nordvest til rundt kote 40 ved Hjørungnesvegen i søraust. Flatene er foreslått senka eit par meter i høve dagens terreng for visuelt å dempe verknaden av framtidig industri. Dette med tanke på utsikt frå bustader ved Hjørungnesvegen og innsyn frå bustadområda i nord.

Planforslaget viser to avkøyrslar frå eksisterande veg til nedre uttaksnivå. Veg til øvre nivå er lagt i skjeringa i austre del av nedre nivå. Det er ikkje planlagt vegtilkomst frå Hjørungnesvegen til øvre nivå.




Nedfotografert landskapsplan (ikkje i målestokk)

4.3 Terrengforming


Ein har lagt vekt på at ferdig terreng skal ta opp i seg dei store linjene i landskapet og harmonere med kringliggande område.

Overgangen mellom dei to nivåa er bevisst forma i horisontalplanet. Skjeringa er gitt ei stram organisk form i retning sørvest-nordaust. Ein har lagt opp til ei terrasert skjering tilplanta med vegetasjon for å bryte opp og dempe inngrepet. I tillegg kan det vere aktuelt å lage vegetasjonsnisjer, det vil seie sprengje ut loddrette nisjer i fjellskjeringa. Stadeigen vegetasjon vert planta i nisjene for å dempe verknaden av inngrepet, jf illustrasjon under.

Planforslaget syner også ei slakare avtrapping mot nordaust og sørvest for å opne landskapsrommet. Her kan det vere aktuelt å ta ut massar i full høgde for så å tilføre fyllmassar t.d. skrotstein, for forming av nytt terreng. Det må tilførast vekstmassar for revegetering og eventuell tilplanting. Det må lagast driftsplanar for området der aktuelle tiltak blir beskreve nærare.



Nedfotograferte terrengsnitt viser høgdeforskjell mellom øvre og nedre nivå, terrasert skjering m.m.




Illustrasjon viser døme på vegetasjonsnisjar for å dempe inntrykk av skjering. Ill. henta frå Statens vegvesen Oslofjordforbindelsen: Veileder for estetisk utforming.

4.4 Vegetasjon, bevaring

Planforslaget syner ein kombinasjon av bevaring av dagens vegetasjon, både midlertidig og permanent, i kombinasjon med nyplanting.

Dei viktigaste vegetasjonsområda for bevaring er:


- I) den skogkledde kollen ved Liavågen
- II) restane av den tversgåande kanten sør for Leirvågen
- III) den skogkledde knausen ved Gåsneset
- IV) områda over skjeringsskanten på øvre nivå



Den skogkledde kollen ved Liavågen (I) gir god skjerming sett frå bustadområda på nordsida av Liavågen, mellomsona. Kollen fungerer som ein grøn buffer som deler opp og dempar den visuelle opplevinga av inngrepet frå denne ståtaden. Det må ikkje skje inngrep i dette naturelementet.



Seriebilde viser skjermingseffekt av kolle m/vegetasjon nemt "I" på skisse



Nedfotografert terrengsnitt viser kolle, høgdeforskjellar, terrasert skjering m.m.

Den markerte kanten som går i sørvest-nordaust retning sør for Leirvågen (II) er viktig for å oppnå ei god avslutning til Leirvågen og omkringliggende areal. Det må ikkje skje ytterlegare uttak i dette området enn det som er gjort per i dag.



Seriebilde viser skjermingseffekt av kolle m/vegetasjon nemt "II" på skisse

Den skogkledd knausen ved Gåsneset (III) vil skjerme for bustadar på Gåsneset som ligg i nærsone til uttaket. Det vil vere avgjerande viktig for den visuelle opplevinga av uttaket at dette området vert bevart. Planforslaget legg opp til at det ikkje skal skje inngrep i denne randsona.




Ortofoto viser skogkledd knaus som skjermar for bustader. Nemt "III" på skisse

Ein 50 meter brei buffer over skjering på øvre nivå skal dempe verknaden av inngrep og framtidig bygg (IV) og dele opp dei store areala. Det må ikkje gjerast inngrep i denne buffersona.

4.5 Etappeplan for uttak

Uttaksområdet er delt inn i tre soner på nedre nivå; A, B og C, sjå kart nedanfor.



Sone A er austre del av nedre nivå, ei vidareføring av den delen som er under uttak i dag. Sone B er vestre del av nedre nivå og sone C er området langs eksisterande veg.

Planforslaget legg opp til at ein avsluttar drifta i A og steller til området før ein kan ta til på sone B. Tilstellinga gjeld óg skjeringa i bakkant, det vil seie sona mellom nedre og øvre nivå.

Når sone A og B er sett i stand kan ein fjerne sone C.

Sone C vil slik fungere som ein midlertidig buffer som blir ståande att til "indre del" av massetaket er ferdig utteke og stelt i stand.

Slik vil ein unngå å få eit samanhengande stort masseuttak og uttaket vil i stor grad bli kamuflert m.o.t. innsyn frå nord.

Øvre nivå er delt inn i tre soner; D, E og F. Det vil vere naturleg å starte med tilrettelegging i sone D då øvre nivå har vegtilkomst gjennom dette området. Område E og F bør ikkje takast i bruk før område D er ferdig utnytta og revegeteringstiltaka er etablerte.

4.6 Etappeplan for tilstelling og revegetering

Det er lagt opp til ei etappevis tilstelling og revegetering av masseuttaket som vist på skissa på forrige side. Vegetasjon som blir tilført anlegget skal harmonere med vegetasjonen som fins natuleg på staden, både når det gjeld vegetasjonsmønster og artsval

Dei viktigaste revegeteringstiltaka er:

- Revegetering av skjeringsfront og randsoner (A1, A2 og B1)
- Grøne strengar på tvers av skjeringssona (A3, D1 og E1)
- Grøne soner langs interne vegar (A4, A5, B2, C1, D2 og E2)

Område A1 omfattar re-etablering av terrengform og tilstelling av randsona mot Leirvågen. Det er viktig å snarast få etablert ei avgrensing av uttaket mot dette viktige naturområdet. Dagens voll er foreslått fjerna slik at dalforma blir gjenskapt. Tiltaket kan foregå parallelt med vidare uttak i sone A.



Seriebildene viser eksisterande voll som eit framandelement på tvers av dalen.

Område A2 og B1 er skjeringa mellom nedre og øvre nivå. Skjeringa skal ferdigstillast og plantast til etter viste prinsipp før uttak i sone C kan settast i verk.

Område A3, D1 og E1 er grønne strengar på tvers av skjeringssona som er med på å dele opp dei store areala og gje skjerm. Dei tversgåande grønne bufrane er lagt slik at dei samla sett skal gje best mogleg skjerm mot innsyn.

Område A4 og C1 er grønne soner mot eksisterande veg i nord, medan **område A5, B2, D2 og E2** er grønne soner langs nye interne vegar. Desse vil saman med dei tversgåande grøntområda dele opp og skjerme.

4.7 Sikring

Alle bratte skrentar må sikrast med gjerde som tilfredsstillar gjeldande krav. Dette gjeld både i anleggsperioden og etter ferdig uttak. Gjerde bør trekkast inn frå kantar og det bør plantast til i framkant, for ikkje å understreke dei store høgdeforskjellane i terrenget.

4.8 Uttak / vidare drift

Det er til no teke ut om lag 250 000 m³ fast masse i område A. Gjenverande masse for A, B og C samla er ca 2,2 mill m³ om ein legg landskapsplanen til grunn for uttak.

Ulstein Betongindustri er per i dag den største leverandøren av sprengstein i kommunane Ulstein, Hareid, Herøy og Sande. Dei tek ut årleg ca 50 000 m³ frå Kvalneset og stipulerer deira marknadsandel til om lag 50%. Det vil seie at behovet i dei seinare åra i distriktet kan stipulerast til 100 000 m³. Ressursen på Kvalneset er avgrensa og deira noverande konsesjon går snart ut. Dei kjem då til å søkje om vidare konsesjon.

Om ein stipulerer årleg uttak for Risneset til rundt 50 000 m³ gir dette ei uttaksperiode (for nedre nivå) på godt og vel 40 år.

Konsekvensen av eit for optimistisk anslag over kor mykje massar ein vil få avsetnad på kan vere at det vert gjeve for store konsesjonar slik at uttaket ikkje blir ferdig i overskueleg framtid, og at klargjering av tomtene for utbygging og tilstelling etter uttak vert liggande langt fram i tid.

Ved tildeling av konsesjonar bør ein med bakgrunn i dette legge vekt på at søkarar skal gje eit anslag over mengde som skal takast ut innan konsesjonsperioden, og sannsynleggjere at dette er eit realistisk anslag. Vidare bør konsesjonen vere avgrensa i både volum og tid, med krav om tilstelling av området når konsesjonstida eller volumet går ut. Framtidige driftsavtalar må sikre budsjett til tilstelling gjennom krav til avsetting av midlar i løpet av uttaket.

Støv i samband med uttak og knusing av steinmassar er eit problem i forhold til fiskeindustrien i området. Det vil vere naudsynt å knytte krav til kontroll av dette opp mot nye konsesjonar for steinindustrien.



Kjelder


Biologisk mangfold i Hareid

Litteratur og naturbasen, Fylkesmann i Møre og Romsdal og andre databasar på internett

Fylkestilpassede faktaark for Møre og Romsdal (Gaarder m.fl. 2002)

Kristoffer Randers Sunnmøre 5. reviderte utgave, Ålesund 1989

Statens vegvesen Oslofjordforbindelsen: Veileder for estetisk utforming, april 1996



OPPDRAAGSGIVER
Hareid kommune

PROSJEKT
**Landskapsplan
Riseset**

PROSJEKT NR.

- TEGNFORKLARING
- Omr. for bevaring terreng og vegetasjon
 - Omr. som bør revegeterast
 - Eksisterende kotar
 - Eksisterende kotehøgde
 - Nye 5-meters kotar
 - +20.0 Ny punkthøgde
 - Grense for landskapsplan
 - Snittthvsnning illustrasjonssnitt

REV. NR.	DATE	REVISJON	SIGN.	KONT.

TEGN. TITTEL

Landskapsplan
Riseset

Landskapsplan

FAG	LANDSKAP
TEGN. NR.	910_001
MÅL	1:2000 / A1
DATE	01.11.2007
FASE	Framstillingsfase
DATAFIL	
SIGN.	TEGN. SAM KONT. KJF

Flataker Landskap, Gullik Gulliksen Vest AS
Sivilark. Magne Bergseth, Apal Helge Aarsel



REV. NR.	DATO	REVISJON	SIGN.	KD
TEGN. TITTEL				
Hareld kommune Landskapsplan Risneset Illustrasjonssnitt terreng				
FAG				
LANDSKAP				
TEGN. NR.				
MÅL				
1:1000 / A1				
DATO				
01.11.2007				
FASE				
Framstillingsfase				
DATAFIL				
SIGN.		TEGN.	SAM	KONT.
			KJF	
Flataker Landskap, Gullik Gulliksen Vest AS				
Sivilark. Magne Bergseth, Apal Helge Aarse				




Rapport / Report

Hareid kommune - flodbølger etter skred fra Åknes

Beregning av oppskylling ved Brandal, Hareid sentrum og Hjørungavåg

20100899-00-2-R
8. februar 2011



Ved elektronisk overføring kan ikke konfidensialiteten eller autentisiteten av dette dokumentet garanteres. Adressaten bør vurdere denne risikoen og ta fullt ansvar for bruk av dette dokumentet.

Dokumentet skal ikke benyttes i utdrag eller til andre formål enn det dokumentet omhandler. Dokumentet må ikke reproduseres eller leveres til tredjemann uten eiers samtykke. Dokumentet må ikke endres uten samtykke fra NGL.

Neither the confidentiality nor the integrity of this document can be guaranteed following electronic transmission. The addressee should consider this risk and take full responsibility for use of this document.

This document shall not be used in parts, or for other purposes than the document was prepared for. The document shall not be copied, in parts or in whole, or be given to a third party without the owner's consent. No changes to the document shall be made without consent from NGL.

Prosjekt

Prosjekt: Hareid kommune - flodbølger etter skred fra Åknes
Dokumentnr.: 20100899-00-2-R
Dokumenttittel: Beregning av oppskylling ved Brandal, Hareid sentrum og Hjørungavåg
Dato: 8. februar 2011

Hovedkontor:
Pb. 3930 Ullevål Stadion
0806 Oslo

Avd Trondheim:
Pb. 1230 Pirsenteret
7462 Trondheim

T 22 02 30 00
F 22 23 04 48

Kontonr 5096 05 01281
Org. nr 958 254 318 MVA

ngi@ngi.no
www.ngi.no

Oppdragsgiver

Oppdragsgiver: Hareid kommune
Oppdragsgivers
kontaktperson: Signe Rønnestad Kanstad
Kontraktreferanse: Brev av 2010-11-01 og endringsordre signert 2010-11-24 og 2011-01-06

For NGI

Prosjektleder: Carl Bonnevie Harbitz
Utarbeidet av: Sylfest Glimsdal
Kontrollert av: Carl Bonnevie Harbitz

Sammendrag

På oppdrag fra Hareid Kommune har NGI beregnet oppskylling av flodbølger ved Brandal, Hareid sentrum og Hjørungavåg basert på fjellskred scenarioer på 18 mill. m³ (dimensjonerende) og 54 mill. m³ (for evakuering) fra Åknes.

Volum, utfallsområde og dynamikk for skredet er gitt gjennom Åknes-Tafjord prosjektet, se Åknes/Tafjord (2009) og NGI (2010).

Etter anbefaling fra NVE og Fylkesmannen i Møre og Romsdal, er det i oppskyllings- og hastighetsberegninger tatt hensyn til en antatt framtidig havnivåstigning. Tillegget på havnivået estimert for 2010 – 2100 er beskrevet i rapporten DSB (2009). Ut fra dette er det i analysen gitt et tillegg for framtidig havnivåstigning på 0,7 m (d.v.s. 0,7 m over dagens middelvannstand).

Våre beregninger for de tre lokasjonene er oppsummert i Tabell 0.1. Det er verdt å merke seg at beregningene er basert på estimert fremtidig middelvannstand (dvs. inkludert en estimert havnivåstigning på 0,7 m) og ikke flo sjø. Oppskyllingen i tabellen er gitt i meter i forhold til dagens middelvannstand.

Ved Brandal er det lågest oppskylling med mindre enn 1 m og 2 m for skredvolum på henholdsvis 18 mill. m³ og 54 mill. m³. For Hareid sentrum og Hjørungavåg er oppskyllingen beregnet til mindre enn 2-3 m for 18 mill. m³ og 3-4 m (Hareid) og 4-5 m (Hjørungavåg) for 54 mill. m³. Det er imidlertid store lokale variasjoner. Ved Hareid vil moloen klart begrense oppskyllingen i indre havn. Dette forutsetter at moloen tåler belastningen den vil kunne bli utsatt for. De maksimale hastighetene som er beregnet for 18 mill. m³ scenarioet er i størrelsesorden mindre enn 3 m/s og 2 m/s for henholdsvis Hareid sentrum og Hjørungavåg. Ved Brandal vil hastighetene ikke overstige 1 m/s. Det er også verdt å merke seg at denne undersøkelsen kun dekker disse tre lokasjonene, og resultatene må ikke gjøres gjeldende for andre nærliggende områder. Bølgene bruker ca. 23 minutter på å gå fra Åknes fram til Hareid.

Tabell 0.1 Maksimal oversvømmelseshøyde/overflatehevning og maksimal (absolutt) verdi av partikkelhastighet under oppskylling. Høyden er målt vertikalt i meter over dagens middelvannstand (det vil si 0,7 m under framtidig estimert middelvannstand).

	<i>Maks. hastighet [m/s]</i>	<i>Maksimal oppskylling [meter]</i>	
Lokasjon	18 mill. m³	18 mill. m³	54 mill. m³
Brandal	<1	< 1	< 2
Hareid sentrum	<3	< 2-3	< 3-4
Hjørungavåg	<2	< 2-3	< 4-5

Det tas forbehold for at de digitale dataene som er brukt i beregningene kan avvike fra reell dybde i fjorden eller høyde på land, og at dette kan innvirke på resultatene.

Den største usikkerheten er knyttet til formen og volumet et eventuelt skred fra Åknes vil ha når det treffer vannet. Fra bølgene er dannet gir regnemodellene derimot et godt bilde av hendelsesforløpet.

Det er ikke lagt inn noen sikkerhetsmargin i de beregnede oppskyllingshøydene. Verdiene er heller ikke å betrakte som ekstremverdier utover det som kommer til uttrykk gjennom skredvolumene. Oppskyllingshøydene presentert i denne rapporten har ikke tatt hensyn til mulig sammenfall med høyvann (hyppig hendelse) eller springflo (sjelden hendelse). Høyeste astronomiske tidevann (HAT) er for Ålesund 119 cm over middelvannstand (basert på beregninger for Ålesund, hentet fra Statens Kartverk <http://vannstand.statkart.no>).